

Passive tiltak

Helse, sosial og omsorg

Utgreiing dagtilbod for fleire grupper

Med haldepunkt i at det framover vert større behov for dagaktivitetstilbod for ulike grupper, ser ein behov for å utgreie moglege løysningar som gjev synergieffekter. Der ein i allereie i dag har eit tilbod, i Bakken. Det er i dag langt fleire unge som ein må tilrettelegge tilbod på for. Vidare er det avdekka eit stort behov for m.a. tilbod ettermiddag for personar med psykisk lidning og det vil bli eige behov for yngre demente samt fleire funksjonshemma. I dette ligg ikkje utgreiing om VTA plassar då ein allereie har eit godt tilbod for denne gruppa.

2021	2022	2023	2024
371 505			

Kjøp av psykologitenester

At kommunen skal kunne tilby psykologtenester vart lovpålagt i 2020, dette er eit tilbod Fitjar kommune må få på plass.

2021	2022	2023	2024
80 000	80 000	80 000	80 000

Markering av verdsdagen for psykisk helse

Verdsdagen for psykisk helse er ein årleg markering som vert gjort over heile verda 10. oktober. Fitjar kommune ønskjer i 2021 å ha ein større markering og vil prøve å få ein føredragshaldar til å kome til kommunen for å sette eit større fokus på psykisk helse i Fitjar kommune.

2021	2022	2023	2024
30 000			

Konsulent for vidareføring av laget

2021	2022	2023	2024
222 161	383 242	544 323	545 323

Avslutning av lærlingar i helsefag

2021	2022	2023	2024
- 307 032	- 767 482	- 920 998	- 920 998

Oppvekst og kultur

20 % pedagogisk IKT hjelp frå 01.08.2021

Skulane vert no heildigitalisert og me treng ein 20 % stilling frå 01.01.21 som kan utvikla dei pedagogiske verktøya i dialog med tilsette. Gjeld opplæring og utvikling

2021	2022	2023	2024
143 707			

Innkjøp lærebøker

Det her no kome ny læreplanar og det er eit behov for innkjøp av nye lærebøker

2021	2022	2023	2024
500 000			

Auke bokbudsjett bibliotek til opphavleg nivå 2014

Nedskjæringa til 75 000,- i 2020 budsjettet har vist seg å forringa biblioteket sitt tilbod gradvis sidan 2014 (bokbudsjettet var då på 170 000). Skal biblioteket vere eit godt og utjamnande tilbod for alle innbyggjarane i kommunen, må me kunna tilby oppdatert og eit breitt utval av materiale, både i papirform(bøker, tidsskrift, lydbøker, film) og digitalt (e-bøker, e-lydbøker, e-film). Biblioteket arbeider aktivt mot helsestasjon, barnehagar og skular for å stimulere barn og unge til å lese.

2021	2022	2023	2024
95 000	12 000	12 000	12 000

Aktivitetar for barn og unge

Mange barn og unge får ikkje delta i aktivitetar gjennom lag og organisasjonar grunna låg inntekt hos foreldra.

2021	2022	2023	2024
50 000	50 000	50 000	50 000

Tilskot frivilligsentralen

Kommunestyret vedtok i desember 2019 at Frivilligsentralen skulle få kr 70.000,- ekstra gjennom heile økonomiplanperioden.

2021	2022	2023	2024
70 000	70 000	70 000	

Vedlikehald Årskog museum

2021	2022	2023	2024
50 000	50 000	50 000	50 000

Teknisk

Grøn mobilitet

Fitjar kommune har fått klimasats midlar frå Miljødirektoratet og jobbar med å få til ein ringbuss, ein buss som køyrer i ein bestemt rundløype. Bussen vil kunne gå litt meir inn i dei ulike byggjefelta og vere meir fleksibel med tanke på kvar folk kan gå på og av. Eit av måla med prosjektet er å få ned klimagass utslepp. Eit anna mål er å gi eit tilbod som folk nyttar seg av, slik at f eks bil nr 2 kan kuttes ut. Fleire mobilitetstilbud inngår i prosjektet som sykklar og westamaran, knutepunkt og tilrettelegging. Haldningsskapande arbeid er ein viktig del av prosjektet. Frivilligsentralen og biblioteket er med i prosjektet. Fitjar kommune samarbeider med Skyss om prosjektet. Stord kommune vil også delta i prosjektet.

2021	2022	2023	2024
200 000	200 000		

Drivstofftank og transporttank til FBB

Drivstofftank og transporttank naudstraumsagregat, innebygd tank har kun til 1 døgn forbruk, med ny drivstofftank vil ein ha omlag til 4 døgn

2021	2022	2023	2024
65 000			

El-servicebil til vaktmeistertenesta

Leasing av El varebil til vaktmeistertenesta, i samband med opp-pussing av bustader, og leiligheter

2021	2022	2023	2024
50 000	50 000	50 000	50 000

Fjellrenks

Statens vegvesen har føreteke befarung på skjæring ved gang sykkelsti ved avkjørsle til kalveid, dei konkluderer med at det ikkje er umiddelbar rasfare på staden, men anbefaler fjellrensk

2021	2022	2023	2024
200 000			

Ny kledning / måling garasje kommunale bustadar

2021	2022	2023	2024
50 000			

Ny takteking over formingsavdeling Rimbareid skule

2021	2022	2023	2024
400 000			

Spare på ferievikarar

2021	2022	2023	2024
- 64 301			

Tetting mellom element og grunnmur Havnauset

2021	2022	2023	2024
70 000			

Grunnkurs deltid

Forskriftskrav at deltidss brannmannskap skal ha grunnkurs deltid, dette gjeld to av våre mannskap som ikkje oppfylgjer kravet i dimensjoneringsforskrift.

2021	2022	2023	2024
90 000			

Skifting av branndetektorar på Havnauset

2021	2022	2023	2024
450 000			

Politisk leiing, administrasjon og felles

Innsparing overtid

2021	2022	2023	2024
- 250 000	- 237 400	- 237 400	- 237 400

Reduksjon bevilgning Kontrollutvalet

Kontrollutvalet vart løyva kr 680 000,- på budsjettet i 2020. Har bede om kr 852 906 i 2021, som er lagt inn i budsjettet.

Føreslått passivt tiltak - redusere budsjettet med kr 172 000,-, på linje med løyving for 2020.

2021	2022	2023	2024
- 172 000	- 172 000	- 172 000	- 172 000

